Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 29 Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. Herad: Austrheim

Emne: Julenissen Bygdelag: Synnevåg

Oppskr. av: Lars Anton Sæheim Gard:

(adresse): Synnevåg G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1 Forutan dei gamle forteljingane av dei gamle som fortalde om nissen som held til i stall og fjøs, og som skulle ha graut kvar julekveld så vart ikkje nissen vidare kjendt før han kom på julekort i bøker og tidsskrifter og så ukeblar. Men så kom der ei tid at det skulle vera nisse på festar og elles i ymse heimar. Det siste har vorte meir og meir teke i bruk.

2 Hos oss, & det sume stader at nissen kjem med ein sekk på ryggen og deler ut julegåvene til alle som er i huset. Noko for sitt strev får han ikkje.

3 Kven det er som kler seg ut som julenisse er så ymse. Det plar som regel vera husfaren, men det kan og vera nokon av dei største borna eller onklar og liknande

4 Utstyret er ei maske, ei raud kåpe med kvit kant nede og sitt

5140

på ryggen. Maska var ut-måla og som regel hadde ho kvitt langt skjegg. og raud toppluve hadde nissen alltid

5 Maska vart som regel alltid kjøpt, men det andre utstyret laga ein heime

6 Dersom ein går julebukk så har ein også ei slik maske

7 Det hender ikkje at julebukkane ~~får~~ deler gåver, men dei ventar å få gåver. Det er ikkje alltid dei får det.

8 Den nye julenissen set ein ikkje lenger i samband med den gamle julenissen som våre beste og oldeforeldre tala om.

9 Forteljingar om julegåver som i huset på ein merkeleg måte er ukjend her.

5140

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING